

## 9. Bibliotek

### 9.1. Nokre resultat

*Folkebibliotek meir enn bøker*


Aktiviteten i folkebiblioteka har dei siste åra blitt meir mangslungen og har fleire stader blitt ein møteplass for ulike aktivitetar. Ulike arrangement og utstillingar får stadig ein større plass i den daglege drifta. Ifølgje Nasjonalbiblioteket er folkebiblioteka også blitt meir tilgjengelege. Sjølv om talet på bibliotekavdelingar er blitt færre, har gjennomsnittleg opningstid auka, og fleire bibliotek har ope på laurdagar.

*Auke i samla utlån frå folkebiblioteka*

Etter ein svak nedgang i dei totale utlånstala, inkludert fornyingar i 2010, har utlånstala igjen auka i 2011, med nær 83 000 utlån. Nasjonalbibliotekets samla statistikk syner at utlån av bøker ser ut til ha gått ned med i underkant av 1 prosent, mens andre utlån har auka med 2,4 prosent. Det totale utlånet i folkebiblioteka i 2011 var 25 millionar. For bøker og andre medium har det totale utlånet per innbyggjar halde seg stabilt på om lag 5,1. Det er ein svak nedgang i utlånet av bøker per innbyggjar, mens andre utlån har halde seg på 1,6 utlån per innbyggjar. Sjølv om totalt utlån av bøker gjekk ned, auka utlån av skjønnlitteratur for barn med 2,3 prosent. Auken i utlånet av skjønnlitteratur for barn er ein tendens som ein har sett i heile det siste tiåret.

Som nemnt over var det utlån av andre medium enn bøker som auka i 2001, etter at 2010 synte ein nedgang. Både utlån av film og andre medium auka med respektive 4 og 19 prosent, mens utlån av musikk og lydbøker gjekk ned enda eit år, i 2011 med respektive 5 og 3 prosent. Figur 9.1 syner totalt utlån i biblioteka dei siste ti åra. Tabellane 9.2 og 9.3 syner fleire detaljar om utlåna i biblioteka.

**Figur 9.1. Folkebibliotek. 2000-2011. Millionar utlån**




Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

*Svak auke i besøkstala i folkebiblioteka*

21,8 millionar besøk i folkebiblioteka i 2011 representerer ein svak auke på 1,6 prosent frå 2010. For heile landet ser besøkstala for folkebiblioteka likevel ut til å ha halde seg stabile dei to siste åra, med 4,4 besøk i gjennomsnitt per innbyggjar. I perioden 2007-2009 heldt besøket seg i gjennomsnitt per år på 4,7 per innbyggjar.

12 fylke ligg rundt gjennomsnittet i besøkstal per innbyggjar i 2011. Høgast gjennomsnittleg besøk har folkebiblioteka i Vest-Agder og Troms med respektive 5,8 og 5,7 besøk per innbyggjar. Fleire av fylka på Austlandet ligg under gjennomsnittet, men nokre av desse fylka har likevel hatt ein svak auke i besøkstala. Tabell 9.4 syner nærare detaljar.

Figur 9.2. Folkebibliotek. Besøk per innbyggjar, etter fylke. 2011



Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Lågare bestand og større tilvekst**

Tala for 2011 syner at det var 744 folkebibliotek. Tala viser enda eit år med nedgang i talet på bibliotek, 24 færre en året før. Dette er òg ein tendens som har vist seg å vare ved i heile landet.

I 2011 var det drygt 21 millionar bøker og anna materiale i folkebiblioteka. Totalt representerer dette ein svak nedgang frå 2010, på 1,5 prosent. Siste året blei bokbestanden i folkebiblioteka redusert med drygt 400 000 bøker, og sidan 2007 har bokbestanden falle med over 1,1 millionar, eller 6 prosent. Bestanden av aviser og andre medium som til dømes musikk, lydbøker og film har gått opp sidan 2010. Sjølv om den totale bestanden har gått ned dei siste åra, ser vi i same tidsrom (2007-2011) ein årleg auke i tilveksten. Frå 2010 til 2011 var auken i tilveksten på 2,1 prosent. Tabellane 9.5 og 9.6 viser tal for bestand og tilvekst.

**620 000 bøker i fylkesbiblioteka**

Samla bestand i fylkesbiblioteka, bøker og andre medium, var 767 000 i 2011. Av dette var det 622 000 bøker, eller 81 prosent av bestanden. På grunn av at nokre fylkesbibliotek har heilt eller delvis felles bestand med primærbiblioteket, gir ikkje dei rapporterte tala eit heilt riktig bilete.

Totalt utlån frå fylkesbiblioteka i 2011 var 502 000 utlån. Dei siste åra har det vore nedgang i utlåna kvart år. Nedgangen i samla utlån siste året var på 8 prosent. Det ser ut til å vere dei direkte utlåna som fell mest, 9 prosent frå året før. Utlåna frå dei

mobile einingane utgjer 69 prosent av dei direkte utlåna i 2011, og utlåna frå dei mobile einingane fall med 8 prosent siste året. Likevel er denne nedgangen i utlån frå mobile einingar noko lågare enn førre året. Etter ein auke i fjernlåna frå 2009 til 2010 syner tala for 2011 også nedgang for desse låna, på 5 prosent frå 2010. Statistikken for fylkesbiblioteka kan ikkje heilt samanliknast frå år til år, da nokre fylkesbibliotek heilt eller delvis har sett bort utlån og fjernlån til eit folkebibliotek (Nasjonalbiblioteket 2012).

Oversikta (sjå tabell 9.8) frå fylkesbiblioteka for 2011 syner at brutto driftsutgifter var 135 millionar kroner, ein auke på 6 prosent frå året før.

*Nær 7 millionar utlån frå grunnskolebiblioteka 2010*

Statistikken for grunnskolebiblioteka er ikkje oppdatert for 2011. I 2010 bestod bestanden av over 10 millionar bøker. Dette talet utgjorde ein bestand på 20,1 per elev i grunnskolen i 2010. I 2010 var det nær 7 millionar utlån frå grunnskolebiblioteka. Dette representerte 13,8 utlån per elev. Sjå tabell 9.9 og kap. 9.2.1.

*Auke i bokutlånet i biblioteka i vidaregåande skolar*

Etter fleire år med stabil vekst i utlånstala ved skolebiblioteka i vidaregåande skolar viser tala både for 2010 og 2011 ein svak nedgang samanlikna med 2009. Det totale utlånet ved skolebiblioteka i vidaregåande skolar ligg på nær 1,1 millionar i 2011, som svarar til 5,8 utlån per elev i dette året. Det kan sjå ut som nedgangen skjer i utlånet av AV-medium, nær 17 prosent reduksjon samanlikna med 2010. Utlånet av bøker ser derimot ut til å stige i 2011. Auken er på 55 000 bøker, eller 7 prosent. Totalt ble det lånt ut 800 000 bøker. Bokutlånet utgjer 74 prosent av det totale utlånet i 2011, mot 69 prosent i 2010. Sjå tabell 9.10

Bokbestanden har auka med drygt 180 000 bøker og tel i 2011 nær 3,4 millionar bøker. Dette gir ein bokbestand på 17,9 bøker per elev i skolebiblioteka for den vidaregåande skolen. Sidan 2001 har bokbestanden i biblioteka i den vidaregåande skolen auka med over 1 million einingar.

*Fleire bøker og periodika i fag- og forskingsbiblioteka*

I 2011 hadde fag- og forskingsbiblioteka 20 millionar bøker og periodika. Dette er ein auke på 140 000 bøker og periodika, eller 1 prosent, frå 2010. Auken var størst blant andre private spesialbibliotek, universitetsbiblioteka og Nasjonalbiblioteket med høvesvis 4 prosent, 3 prosent og 2 prosent auke. Dei andre bibliotektypene hadde ein nedgang i talet på bøker og periodika. Nedgangen var størst blant biblioteka ved helseinstitusjonane og biblioteka ved høgskolane, med ein nedgang på 6 prosent frå året før. Universitetsbiblioteka hadde klart størst bestand av bøker og periodika, med 48 prosent av den totale bestanden. Ser vi på e-bøker og elektroniske tidsskrifttitlar var det i 2011 respektive 2,6 og 0,6 millionar. Dette er ein auke på høvesvis 53 og 8 prosent frå 2010.

Fag- og forskingsbiblioteka hadde nær 7,8 millionar besøk, og det var 230 000 aktive låntakarar i 2011. Talet på besøk auka med under 1 prosent frå 2010, men talet på aktive låntakarar auka med 14 prosent. Det var nesten 4,7 millionar utlån i 2011. Det er om lag det same som året før. Sidan 2006 har utlåna auka med nesten ein halv million, tilsvarande 11 prosent. Andre offentlege spesialbibliotek hadde størst auke, med 9 prosent frå 2010 til 2011, medan andre private spesialbibliotek hadde størst nedgang i talet på lån, med 17 prosent nedgang frå 2010 til 2011. Det totale utlånet dekkjer lokale lån, kopiar for lån og fjernlån.


Talet på lokale lån var på 4,1 millionar, og talet på fjernlån var på 550 000, jamfør kapittel 9.3. Dette er om lag det same som i 2010. Alle bibliotektypene, bortsett frå Nasjonalbiblioteket, har ein større del lokale lån enn fjernlån. Fjernlån utgjer mellom 7 og 9 prosent av totale utlån innanfor desse bibliotektypene. Ved Nasjonalbiblioteket var derimot 69 prosent av utlåna fjernlån i 2011.

Fag- og forskingsbiblioteka utfører også innlån av dokument. I 2011 var det 240 000 innlån, ein nedgang på 8 prosent frå året før. Sidan 2006 har talet på innlån

gått ned med 25 prosent. 38 prosent av innlåna fann stad ved universitetsbiblioteka, og 28 prosent ved høgskolane.

Dei samla utgiftene for fag- og forskingsbiblioteka var 1,6 milliardar kroner i 2011. Ein fjerdedel av utgiftene gjekk til innkjøp av materiale til samlingane, det er den same delen som i 2010. Ikkje alle biblioteka fører kostnader til løn i rekneskapane sine, i nokre tilfelle blir løn dekt av eigarinstitusjonen. Det blei utført 1 600 årsverk fordelt på 1 900 tilsette ved dei 314 bibliotekkeiningane som statistikken omfattar. 64 prosent av årsverka var i bibliotekfaglege stillingar. Dette er 2 prosentpoeng lågare enn i 2010, og 8 prosentpoeng lågare enn i 2006. Størst del bibliotekfaglege stillingar finn ein i biblioteka ved helseinstitusjonane, som hadde 93 prosent av dei tilsette i bibliotekfaglege stillingar. Sjå tabellane 9.12 og 9.13.

**Figur 9.3. Bøker og periodika i fag- og forskingsbibliotek, etter bibliotektype. 2011. Prosent**



Kjelde: Nationalbiblioteket.

#### Nasjonalbiblioteket og pliktavleveringa

Nasjonalbiblioteket er representert i statistikken over fag- og forskingsbibliotek, men har òg andre oppgåver enn dei bibliotekfaglege. Nasjonalbiblioteket er ansvarleg for registrering av pliktavlevert materiale i Noreg. Etter at innhaustinga av nettsider på det norske internettdomenet (-.no) blei sett i operativ drift i 2005, blei det til og med 2007 årleg registrert rundt 300 millionar vevdokument. I 2008 blei det registrert over 480 millionar norske vevdokument, mens i 2009 blei registreringstakta noko lågare, med 20 millionar dokument. I 2011 blei det registrert 49 millionar dokument. Årsaka til nedgangen er at innhaustinga frå det norske internettdomenet er konsesjonspliktig etter personvernlova, og Nasjonalbiblioteket hadde ein mellombels konsesjon frå Datatilsynet til og med 2008. I 2009 kom Datatilsynet med nye konsesjonskrav med vilkår som gjer at Nasjonalbiblioteket ikkje haustar inn vevdokument i dag. I påvente av revisjon av pliktavleveringslova har Nasjonalbiblioteket framleis ikkje gjennomført domeneinnhausting. Men det er gjort nokre mindre tematiske innhaustingar i perioden.

Tabell 9.1. Pliktavlevering av materiale til Nasjonalbiblioteket. 2005-2011

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
<b>I alt .....</b>	<b>310 084 789</b>	<b>315 118 452</b>	<b>280 146 804</b>	<b>485 126 420</b>	<b>20 189 366</b>	<b><sup>4</sup>17 255 859</b>	<b>49 240 328</b>
Periodika, løpande .....	13 451	12 917	12 249	12 216	11 962	11 605	11 011
Periodika, Internett .....	..	<sup>2</sup> ..	..	..	..	..	..
Bøker .....	10 106	11 463	10 835	10 710	10 458	<sup>4</sup> 9 869	10 039
Nettmonografier, E-bøker .....	..	<sup>2</sup> ..	..	2	19	27	48
Videoar .....	186	257	264	289	325	496	561
Film <sup>1</sup> .....	..	..	..	105	110	169	166
Kombidokument .....	11	33	31	48	14	6	..
Lydbøker .....	486	435	459	513	451	502	473
Småtrykk .....	21 600	30 939	23 818	24 750	21 478	21 668	17 231
Postkort .....	2 890	2 606	3 781	3 694	2 420	1 721	2 291
Plakatar .....	704	550	703	1 432	2 176	1 643	1 620
Kringkasta materiale .....	23 783	21 486	20 071	13 313	7 774	3 838	2 080
Digital radio, talet på filar .....	35 833	36 096	72 272	46 055	53 904	88 600	96 010
Digital fjernsyn, talet på filar .....	..	..	..	11 088	75 000	112 587	95 901
Notetrykk .....	480	498	443	440	467	388	386
Kart .....	317	153	373	268	325	541	534
Innspela musikk .....	665	542	958	1 218	2 210	1 915	1 723
CD-ROM og diskettar .....	159	224	<sup>3</sup> 294	23	19	32	..
Aviser .....	240	253	253	256	254	252	254
Norske vevdokument .....	309 973 878	315 000 000	280 000 000	485 000 000	20 000 000	17 000 000	49 000 000

<sup>1</sup> Nasjonalbiblioteket overtok etter Norsk Filminstitutt som mottaksinstitusjon for film i 2008. <sup>2</sup> Frå 2005 er tala for monografier og periodika på Internett med i talet for innhenta URL-er under Norske vevdokument. <sup>3</sup> Inkluderer både monografier og periodika på CD-ROM, DVD-ROM eller diskett. <sup>4</sup> Endra sidan førre utgåva. Kjelde: Nasjonalbiblioteket.


Totalt blei det avlevert drygt 49,2 millionar dokument i 2011, og vevdokumenta står for 99,5 prosent av denne mengda. Held ein vevdokumenta utanfor, vil ein sjå at det har vore ein nedgang i pliktavlevert materiale på 15 000, eller 6 prosent. Etter ein stor auke i avlevering av filer for digitalt fjernsyn i 2010, ser vi at i 2011 er det avlevert 15 prosent færre filer, eller 17 000. Avlevering av småtrykk (sjå kapittel 9.3) blei redusert med 21 prosent siste år. Totalt blei det avlevert 17 000 småtrykk, det lågaste talet sidan 1997. Avlevering av kringkasta materiale er nær halvert siste året, den same tendensen som åra før. Denne utviklinga viser endring i lagringsmedium. Sjå kapittel 9.3, avlevering av kringkasting. Avlevering av filer for digital radio har auka med 8 prosent samanlikna med 2010, litt lågare vekst enn frå 2009 til 2010.

I 2011 blei det levert inn 473 lydbøker, 29 færre enn i 2010. Korrigerte tal frå Nasjonalbiblioteket syner ein auke i avlevering av bøker på 170. Til saman blei det avlevert drygt 10 000 bøker og 11 000 periodika. 166 filmar blei pliktavleverte til Nasjonalbiblioteket i 2011. Desse tala er henta frå statistikken over pliktavlevert materiale til Nasjonalbiblioteket, sjå tabell 9.1.

*70 prosent av dei med høg utdanning på folkebibliotek dei siste tolv månadene i 2008*

Det har ikkje vore kulturbruksundersøkingar sidan 2008. Detaljerte tal frå tidlegare undersøkingar er presenterte i Kulturstatistikk 2008-2010.

Figur 9.4 gir eit bilete av kor mange prosent, etter utdanning, som hadde vore på eit folkebibliotek dei siste tolv månader i åra 1997, 2000, 2004 og 2008.

**Figur 9.4. Personar som har vore på folkebibliotek dei siste 12 månadene, etter utdanning. 1997-2008. Prosent**

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

## 9.2. Om bibliotekstatistikken

Nasjonalbiblioteket er ansvarleg for innsamling av statistikk for dei ulike biblioteka: folkebiblioteka, fylkesbiblioteka, skolebiblioteka, fengselsbiblioteka og mobile einingar, i tillegg til fag- og forskingsbiblioteka. Statistikken for folkebibliotek er heimla i folkebiblioteklova (lov om folkebibliotek 1985-12-20-108). Statistikken for fag- og forskingsbibliotek viser verksemda til biblioteka, mellom anna om bok- og mediebestand, utlån, besøk og kostnader.

All statistikk om bibliotekas verksemd har vore ein del av kulturstatistikken i Statistisk sentralbyrå (SSB) sidan 1982.

### 9.2.1. Omfang og publisering

#### Folkebibliotek

Alle folkebiblioteka er med i folkebibliotekstatistikken. For 2011 var det 429<sup>4</sup> hovudbibliotek, og til saman 744 folkebibliotekavdelingar (hovudbibliotek og filialar til saman). Hovudbiblioteket i kommunen er rapporterende eining. Tre kommunar leverte ikkje statistikk, og nokre kommunar leverte ufullstendig statistikk i 2011. Delar av folkebibliotekstatistikken blir publiserte på SSBs internettsider gjennom KOSTRA, førebelse tal 15. mars og endelege tal 15. juni.

#### Skolebibliotek

Skolebibliotekstatistikken omfattar bibliotek ved offentlege og private (offentleg godkjende) vidaregåande skolar og bibliotek i grunnskolen. Frå og med statistikk-innsamlinga for 2007 vart det praksis å be alle skolar, også dei som ikkje har eige skolebibliotek, om å sende inn opplysningar om bibliotektilbodet til elevane.

I 2011 fekk Nasjonalbiblioteket svar frå 407 av 457 vidaregåande skolar. Det gir ein svarprosent på nær 90. 35 av skolane som svarte, opplyste at dei ikkje hadde skolebibliotek. Nokre av skolane har teke med pensumbøker i tala for bestand og utlån.

Statistikk for grunnskolar er ikkje oppdatert med tal for 2011. I 2010 rapporterte 84,5 prosent av i alt 2 973 grunnskolar om kva slags bibliotektilbod elevane fekk i 2010. For nærare detaljar, sjå kulturstatistikk 2010.

<sup>4</sup> Ein kommune hadde ikkje bibliotek.

Alle fag- og forskingsbiblioteka som er registrerte hos Nasjonalbiblioteket får statistikkskjema, og i 2011 var svarprosenten nær 100 (314 bibliotekeringar).

SSB publiserer statistikk om fag- og forskingsbibliotek på [ssb.no](http://ssb.no). Fullstendig statistikk for folkebiblioteka, skolebiblioteka og fag- og forskingsbiblioteka blir publisert av Nasjonalbiblioteket.

### 9.2.2. Datakjelder og datainnsamling

Statistikken for folkebibliotek blir utarbeidd på grunnlag av skjema som folkebiblioteka leverer til Nasjonalbiblioteket. Skjema for statistikken til fag- og forskingsbiblioteka blir innrapporterte elektronisk. Det er Nasjonalbiblioteket som i det store og heile handsamar og kvalitetssikrar folkebibliotekstatistikken og statistikken for fag- og forskingsbiblioteka. SSB får ei elektronisk fil frå Nasjonalbiblioteket og går gjennom kvaliteten ein gong til før data blir publiserte.

### 9.2.3. Omgrep og definisjonar

Dei følgjande definisjonane er henta frå Nasjonalbibliotekets rettleiingar til utfylling av statistikkskjema (Nasjonalbiblioteket 2012).

- Besøk*
- *Folkebibliotekstatistikken:* Eit bibliotekbesøk vil seie at ein person går inn i lokala til folkebiblioteket for å nytte tilbodet til biblioteket. Rutinane til folkebiblioteka for registrering/teljing av besøk kan variere noko. Det er to måtar å telje besøk i folkebiblioteka på, enten ved kontinuerleg teljing eller ved stikkprøveundersøkingar:
    - a) Manuell teljing to veker i året (stikkprøveteljing). Frå denne teljinga bereknar ein det årlege talet på besøk etter ein gitt formel forklart i rettleiinga.
    - b) Mekanisk/automatisk teljing. Tala kan vere noko usikre, og manuell teljing kan nyttast for å korrigere eventuelle feilkjelder. Ein reknar likevel med at tala på besøk er truverdige.
  - *Fag- og forskingsbibliotekstatistikken:* Talet på registrerte besøk baserer seg på teljeapparat. Kvar bibliotekering rapporterer registrerte besøk. Dersom trafikken til biblioteket berre blir registrert på veg inn eller ut, oppgir ein det registrerte talet utan omrekningsfaktor. Det registrerte talet for trafikk både ut og inn delast på to.
- Utlån*
- *Folkebibliotekstatistikken:* Ein tel utlån av medium frå den faste bestanden ved avdelinga og frå sirkulasjons- eller depotsamlingar. Dette inkluderer utlån til andre bibliotek ved fjernlån. I bibliotek med fotomekanisk utlånssystem eller som ikkje fører ein spesifisert utlånssystem, kan spesifisering av utlån til barn/vaksne og på det einskilde medium gjerast ved stikkprøveundersøkingar. Nasjonalbiblioteket definerer utlån som førstegongslån og fornyingar. Men det har ikkje vore tradisjon å skilje desse i statistikken. Fleire detaljar om korleis ein tel utlån finn vi i rettleiinga for folkebibliotekstatistikken.
  - *Fag- og forskingsbibliotekstatistikken:* Lokale utlån er lån innanfor eit bibliotek under den same administrative eininga, i tillegg til lån til enkeltpersonar eller andre institusjonar (ikkje bibliotek) utanfor denne eininga som vender seg direkte til biblioteket. Fjernlån er lån frå eit bibliotek til eit anna bibliotek under anna administrativ eining. I 2009 inneheld posten totale fjernlån også utsende originaldokument og kopiar til folkebibliotek (felt 152 i statistikkskjema). Dette feltet er såleis dobbeltregistrert i 2009, og fjernlånstala for 2009 kan derfor ikkje heilt samanliknas med tala i dei andre åra.

### 9.3. Pliktavlevering

Pliktavlevert materiale til Nasjonalbiblioteket er regulert i eiga lov. Formålet med lov om pliktavlevering er å tryggje avleveringa av dokument med allmenn tilgjengeleg informasjon til nasjonale samlingar, slik at det blir mogeleg å ta vare

på desse vitnemåla om norsk kultur og samfunnsliv og gjere dei tilgjengelege som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon.

Noreg har hatt pliktavlevering heilt sidan 1697. Formålet med dei ulike lovpåboda har variert frå sensur via dokumentasjon av styresmaktenes arbeid til den kulturelle målsetjinga i dag. 1. juli 1990 tok *lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument av 9. juni 1989 nr. 32* til å gjelde. Denne lova avløyste den gamle pliktavleveringslova frå 1939. Alle dokumenta som er laga for spreing ut over ein privat krins, er avleveringspliktige uavhengig av medietype, også digitale dokument, både dokument på fysisk lagringsmedium og digitale filer.

Småtrykk i statistikken for det pliktavleverte materialet er den typen materiale som går inn i den såkalla Småtrykksamlinga. I denne samlinga blir dokumenta grupperte etter utgivar, og dei einskilde dokumenta blir ikkje gitt ei bibliografisk forklaring.

#### Avlevering av kringkasting

Etter pliktavleveringslova skal Nasjonalbiblioteket ta imot alt Norsk rikskringkasting (NRK) sender, både rikssendingar og lokalsendingar.

Nasjonalbiblioteket kan krevje avlevering frå andre kanalar som har konsesjon i Noreg. Førebels blir det kravd inn riksdekkjande sendingar, det vil seie TV2, TVNorge, P4 og Kanal 24. Lokal-TV leverer inn materiale fem veker i året, dei med vekenummer som endar på 0. Dokumenta skal avleverast utan vederlag. Nasjonalbiblioteket tek imot pliktavleverte opptak frå norske kringkastarar, arkiverer dei og gjer kopiar tilgjengelege for forskning og dokumentasjon innanfor rammene av pliktavleveringslova og dei opphavsrettslege reglane som gjeld til kvar tid (Nasjonalbiblioteket).

## 9.4. Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der personar i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publiserte i Norsk kulturbarometer 2008.

### Referansar

Nasjonalbiblioteket 2012: (<http://www.nb.no/bibliotekstatistikk>)  
 Nasjonalbiblioteket 2012: (<http://www.nb.no/fag/for-utgivere-og-trykkeri/pliktavlevering>)

### Meir informasjon

Buskoven, Nina Kristin (2006): *Undersøkelse om bibliotekbruk*, Rapport 2006/14, Statistisk sentralbyrå. ([http://www.ssb.no/emner/07/02/30/rapp\\_200614](http://www.ssb.no/emner/07/02/30/rapp_200614))  
 Statistisk sentralbyrå (12. september 2008): «Mange medlemmer, færre aktive». (<http://www.ssb.no/orgakt/arkiv/art-2008-09-12-01.html>)  
 Statistisk sentralbyrå (5. juli 2011): «Nedgang i talet på bøker og tidsskrift i fjor». (<http://www.ssb.no/ffbibl>)  
 Statistisk sentralbyrå (2012): *Kulturstatistikk 2010*, Statistiske analysar 127. (<http://www.ssb.no/publikasjoner/>)  
 Vaage, Odd Frank (2009): *Norsk kulturbarometer 2008*, Statistiske analysar 107, Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/kulturbar>)  
 Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapport 2009/29, Statistisk sentralbyrå. ([http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929))



Tabell 9.2. Folkebibliotek. Utlån av bøker, etter fylke. 1999-2011

	I alt	Per innbyggjar	Vaksne			Barn		
			I alt	Faglitteratur	Skjønnlitteratur	I alt	Faglitteratur	Skjønnlitteratur
1999	18 522 095	4,2	10 875 116	5 220 853	5 654 263	7 646 979	1 439 765	6 207 214
2001	17 898 878	4,0	10 868 812	4 987 725	5 699 087	7 212 066	1 343 978	5 868 088
2003	18 361 942	4,0	10 766 452	4 977 985	5 788 467	7 595 490	1 435 071	6 160 419
2005	17 897 958	3,9	10 065 467	4 617 521	5 447 946	7 832 491	1 394 038	6 438 453
2006	17 238 496	3,7	9 637 697	4 254 801	5 382 896	7 600 799	1 317 497	6 283 302
2007	16 954 660	3,6	9 410 966	4 059 449	5 351 517	7 543 694	1 271 162	6 272 532
2008 <sup>1</sup>	17 107 927	3,6	9 387 638	4 002 438	5 385 200	7 720 289	1 278 465	6 441 824
2009 <sup>2</sup>	17 283 494	3,6	9 451 331	3 945 724	5 505 607	7 832 163	1 273 357	6 558 806
2010	17 184 397	3,5	9 190 205	3 786 090	5 404 115	7 994 192	1 275 745	6 718 447
2011 <sup>3</sup>	17 085 783	3,4	8 144 306	3 651 508	5 289 969	8 144 306	1 270 437	6 873 869
<b>2011</b>								
Østfold	913 417	3,3	508 843	186 700	322 143	404 574	67 219	337 355
Akershus	1 806 493	3,3	929 523	413 680	515 843	876 970	122 514	754 456
Oslo	1 786 970	3,0	943 689	450 263	493 426	843 281	132 423	710 858
Hedmark	697 957	3,6	352 343	142 226	210 117	345 614	54 114	291 500
Oppland	679 878	3,7	369 286	136 603	232 683	310 592	48 998	261 594
Buskerud	875 103	3,4	463 995	178 287	285 708	411 108	63 687	347 421
Vestfold	1 033 595	4,4	570 662	241 015	329 647	462 933	70 197	392 736
Telemark	635 605	3,8	348 442	135 614	212 828	287 163	45 190	241 973
Aust-Agder	394 482	3,6	198 920	73 552	125 368	195 562	29 405	166 157
Vest-Agder	692 853	4,0	341 486	123 470	218 016	351 367	51 037	300 330
Rogaland	1 817 095	4,2	887 053	368 046	519 007	930 042	137 687	792 355
Hordaland	1 610 836	3,3	873 689	385 905	487 784	737 147	130 230	606 917
Sogn og Fjordane	374 790	3,5	179 435	60 131	119 304	195 355	32 066	163 289
Møre og Romsdal	784 408	3,1	402 702	123 458	279 244	381 706	59 320	322 386
Sør-Trøndelag	1 072 403	3,6	577 910	247 892	330 018	494 493	71 321	423 172
Nord-Trøndelag	456 608	3,5	238 300	81 307	156 993	218 308	40 984	177 324
Nordland	695 732	2,9	375 799	133 898	241 901	319 933	53 893	266 040
Troms Romsa	516 583	3,3	239 723	112 241	127 482	276 860	42 595	234 265
Finnmark Finnmarku	233 162	3,2	135 299	55 191	80 108	97 863	17 160	80 703
Svalbard	7 813	3,9	4 378	2 029	2 349	3 435	397	3 038

<sup>1</sup> To bibliotek har ikkje levert statistikk for 2008. <sup>2</sup> Tre bibliotek har ikkje levert tal for utlån, eitt bibliotek har ikkje utlånstal fordelt på medietypar. <sup>3</sup> Eitt bibliotek manglar tal for utlån.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 9.3. Folkebibliotek. Utlån av andre medium<sup>2</sup>, etter fylke. 1999-2011

	I alt	Per innbyggjar	Fonogram		Film	Andre medium <sup>3</sup>
			Musikk	Lydbøker		
1999	4 477 201	1,0	745 571	1 015 203	2 132 970	576 455
2001	5 568 788	1,2	978 990	1 253 371	2 713 974	622 453
2003	6 465 431	1,4	1 150 141	1 494 525	3 151 803	668 962
2005	7 002 832	1,5	1 184 262	1 764 900	3 421 881	631 789
2006	6 874 530	1,5	1 070 173	1 848 534	3 415 736	540 053
2007	7 022 368	1,5	1 048 595	2 038 320	3 384 657	550 796
2008 <sup>1</sup>	7 438 085	1,6	1 075 837	2 146 986	3 626 035	589 227
2009 <sup>4</sup>	7 878 858	1,6	1 041 721	2 188 815	4 077 536	570 786
2010	7 710 201	1,6	851 344	2 118 988	4 078 056	661 813
2011 <sup>5</sup>	7 891 603	1,6	811 901	2 057 138	4 235 024	787 540
<b>2011</b>						
Østfold	417 812	1,5	29 487	107 113	231 509	49 703
Akershus	963 290	1,8	87 159	279 160	519 106	77 865
Oslo	858 279	1,4	177 819	154 666	473 418	52 376
Hedmark	269 290	1,4	18 937	78 855	137 836	33 662
Oppland	253 674	1,4	13 291	85 102	129 216	26 065
Buskerud	381 067	1,5	28 902	110 598	200 724	40 843
Vestfold	458 051	2,0	33 298	132 526	260 917	31 310
Telemark	295 619	1,7	22 048	84 226	156 326	33 019
Aust-Agder	162 513	1,5	7 787	44 909	82 778	27 039
Vest-Agder	292 295	1,7	11 773	86 387	164 979	29 156
Rogaland	899 747	2,1	102 642	194 234	524 559	78 312
Hordaland	824 487	1,7	127 614	185 224	387 769	123 880
Sogn og Fjordane	126 761	1,2	7 241	37 465	68 316	13 739
Møre og Romsdal	285 787	1,1	13 812	90 226	160 812	20 937
Sør-Trøndelag	581 557	2,0	82 693	154 434	305 267	39 163
Nord-Trøndelag	181 911	1,4	10 118	55 130	88 482	28 181
Nordland	277 286	1,2	11 402	94 353	147 982	23 549
Troms Romsa	255 034	1,6	18 173	55 053	136 189	45 619
Finmark Finnmarku	100 342	1,4	7 697	26 474	53 349	12 822
Svalbard	6 801	3,4	8	1 003	5 490	300

<sup>1</sup>To bibliotek har ikkje levert statistikk for 2008. <sup>2</sup>Ikkje registrert ved alle biblioteka. <sup>3</sup>Notar, foto, mikroformer, multimediesett, grafikk, dias-seriar, osv. Einingar som blir utlånt sjølvstendig, reknast som eitt utlån. <sup>4</sup>Tre bibliotek har ikkje levert tal for utlån, eitt bibliotek har ikkje utlånstal fordelt på medietypar. <sup>5</sup>Eitt bibliotek har ikkje levert tal for utlån.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 9.4. Folkebibliotek. Besøk totalt og besøk per innbyggjar, etter fylke. 2007-2011

	Besøk totalt					Besøk per innbyggjar				
	2007	2008	2009	2010	2011	2007	2008	2009	2010	2011
<b>Totalt</b>	<b>1 21 994 598</b>	<b>2 22 036 617</b>	<b>3 22 295 144</b>	<b>4 21 471 237</b>	<b>5 21 811 532</b>	<b>4,7</b>	<b>4,7</b>	<b>4,7</b>	<b>4,4</b>	<b>4,4</b>
